

## **Søkjer ENOVA om støtte til infrastruktur for straum til hamneopphold og lading.**

Stranda hamnevesen KF søkjer Enova om støtte til forprosjekt som gjeld utgreiing av løysningar for infrastruktur for straum til hamneopphald og lading i hamnene i Stranda kommune. Dette gjeld Stranda, Hellesylt og Geiranger. Alle hamnene er drifta av Stranda hamnevesen og er av dei mest besøkte hamnene i Noreg. Vi hadde i 2019 totalt 217 anløp og tok imot 410 283 cruisepassasjerar fordelt på Geiranger og Hellesylt.

Hamnetrafikken i Geiranger og Hellesylt er dominert av storskala cruisetrafikk, med ein sesong som strekkjer seg frå april til oktober. Det er allereie investert betydeleg i ei funksjonell cruisekai på Hellesylt. Stranda Kommune ved Stranda hamnevesen vil i tillegg bidra til at det vert etablert ny kai og distribusjonshamn i sentrum av Stranda.

Kombinasjonen av desse tiltaka vil gjere det mogeleg å få gode felles løysningar, med kapasitet til å handtere transport med nullutslepps fartøy inn til Geirangerfjorden og andre destinasjonar.

Stortinget vedtok i 2018 krav om nullutslepp for turistskip- og ferjer i verdsarvfjordane «så snart det er teknisk gjennomførbart og seinast innan 2026.» Det må løne seg å samarbeid om gode tiltak og løysningar. Stranda hamnevesen KF har ilag med Stranda kommune teke ei tydeleg rolle i arbeidet med konsekvensutgreiing som blant anna omfattar prosjektet «Det store bildet», eit initiativ som skal vurdere løysningar på krav om nullutslepp i verdsarvfjordane innan 2026.

### **Stranda hamnevesen og Stranda kommune ynskjer eit resultatorientert samarbeid for å etablere landstraumanlegg for cruiseskip både på Stranda, Hellesylt og i Geiranger.**

I utgangspunktet legg ein planar for å etablere landstraumanlegg innan 2023. Denne ambisjonen har sjølv sagt atterhald når det gjeld finansiering og politisk handsaming.

Store mengder turistbussar og privatbilar bidreg til trafikale utfordringar i Stranda kommune i høgsesongen. Det er difor eit stort behov for å etablere ladeinfrastruktur i kommunen som også kan dekke landbasert transport, i tillegg til anløp av fartøy, i alle fall på høgspente nivå. Dette er krevjande å få til utan langsiktig planlegging og vil vere eit sentralt utgreiingspunkt i forprosjektet.

Prosjektet vil omfatte fem arbeidspakkar:

- Marknadskartlegging
- Nettilkobling
- Teknisk løysning for landstraum/ladestraum
- Forretningsmodellar
- Fleksibilitet og skalerbarhet

Stranda kommune må vere godt rigga for framtida. Vi skal styrke posisjonen vår som reisemål, der cruisetrafikken fortsatt skal vere ein del av reiselivet i kommunen – også etter 2025. Teknologi kan løyse mykje, men vi må ha støtte og rettleiing frå nasjonale ordningar til utvikling av løysningar.

Kontakt: Rita Berstad Maraak, Stranda hamnevesen KF

Telf. 46411113